



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	837 105 382
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	LERUM AS
Forretningsadresse:	Kloppavegen 13 6854 KAUPANGER

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2021 - 31.12.2021
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Trine Lerum Hjelldaug
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	24.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 20.06.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter		660 349 760	630 878 462
Sum inntekter		660 349 760	630 878 462
Kostnader			
Varekostnad	3	400 213 105	396 548 549
Lønskostnad	1, 5	103 460 735	92 266 520
Ordinær av- og nedskrivning	2	15 052 114	14 289 213
Andre driftskostnader	1, 8, 16	108 958 447	98 334 561
Andre inntekter og kostnader	14	-972 346	-25 000
Sum kostnader		626 712 055	601 413 843
Driftsresultat		33 637 705	29 464 619
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		381 341	211 927
Sum finansinntekter		381 341	211 927
Annan rentekostnad		880 476	1 240 219
Sum finanskostnader		880 476	1 240 219
Netto finans		-499 135	-1 028 292
Ordinært resultat før skattekostnad		33 138 570	28 436 327
Skattekostnad	10	7 390 521	6 359 521
Ordinært resultat etter skattekostnad		25 748 049	22 076 806
Årsresultat		25 748 049	22 076 806
Årsresultat etter minoritetsinteresser		25 748 049	22 076 806
Totalresultat		25 748 049	22 076 806
Overføringer og disponeringar			



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Avgjevne konsernbidrag		-56 400	
Overført til / frå anna eigenkapital		25 691 649	22 076 806
Sum overføringar og disponeringar		25 748 049	22 076 806



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	10		
Varige driftsmiddel			
Tomt	2, 9	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	2, 9	106 297 643	77 258 439
Transportmidlar	2, 9	2 159 829	1 615 940
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2, 9	5 415 389	6 844 799
Sum varige driftsmiddel		113 962 861	85 809 178
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	15	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
Sum finansielle anleggsmiddel		88 310	88 310
Sum anleggsmiddel		114 051 171	85 897 488
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	3, 9	87 988 777	85 273 142
Krav			
Kundefordringar	9	67 273 232	67 419 087
Andre fordringar		5 471 723	9 093 797
Konsernkrav	6, 9		
Krav på innbetaling av selskapskapital	6		
Sum krav		72 744 955	76 512 884
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	46 155 274	32 296 893
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		46 155 274	32 296 893
Sum omløpsmiddel		206 889 005	194 082 919



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
SUM EIGEDLAR		320 940 176	279 980 407
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	4, 13	9 999 990	9 999 990
Behaldning av egne aksjar		68 220 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
Sum innskoten eigenkapital		85 748 020	85 748 020
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		70 127 897	44 347 761
Sum opptent eigenkapital		70 127 897	44 347 761
Sum eigenkapital	13	155 875 917	130 095 780
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	5		1 656 222
Utsett skatt	10	3 886 695	2 028 243
Sum avsetjingar for plikter		3 886 695	3 684 465
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 9	29 899 986	32 499 990
Anna langsiktig gjeld	8, 9	5 257 639	2 973 983
Sum anna langsiktig gjeld		35 157 625	35 473 973
Sum langsiktig gjeld		39 044 320	39 158 438
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt	9, 11		
Leverandørgjeld	16	72 698 785	65 187 240
Betalbare skattar	10	5 516 162	5 520 378
Skuldige offentlege avgifter		8 711 379	14 553 752
Kortsiktig konserngjeld	6, 6	9 368 807	7 409 689
Anna kortsiktig gjeld	12	29 724 806	18 055 129
Sum kortsiktig gjeld		126 019 939	110 726 189



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum gjeld		165 064 259	149 884 627
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		320 940 176	279 980 407



Lerum AS

2021



Lerum AS Årsmelding 2021

Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har familien Lerum foredla frukt og bær til norske husholdningar. Lerum AS er ein landsdekkande leverandør av saft, jus og syltetøy, samt leverandør av saft til den svenske marknaden. Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Sogndal kommune. Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS.

MARKNAD

Det er noko tilbakegang i marknaden for kategoriane syltetøy og konsentrert drikke i 2021. Utviklinga vert målt mot eit sterkt 2020 der koronapandemien gav auka sal i daglegvaremarknaden. Positiv effekt på salsvolum frå heimekontor, redusert reiseaktivitet og redusert grensehandel har vore gjeldande også i 2021. Lerum styrkar sin marknadsandel i begge kategoriane. På slutten av året vart Lerum marknadsleiar i syltetøykategorien for første gong på 114 år. I den svenske marknaden er det vekst for kategorien konsentrert drikke. ZERoh!-serien styrkar sin marknadsposisjon i Sverige ytterlegare gjennom 2021.

FORSKING OG UTVIKLING

Lerum AS satsar sterkt på vidareutvikling av produkta og merkevarene Lerum og ZERoh! Selskapet arbeider kontinuerleg med utvikling av nye smaksvariantar, smartare emballasje, ny søting og produkt med betre eigenskapar for god ernæring og berekraft. Innovasjon er nødvendig for å bidra til vidare utvikling av kategoriane.

I 2021 har Lerum AS lansert fleire sukkerfrie produktvariantar i eksisterande merkevareseriar, lansert syltetøyserien Lerum Klem på meir berekraftig emballasjeløysing, og endra saftflaskene til 100% resirkulerbar plast.

ØKONOMI

Omsetnad og resultat

Lerum AS har i 2021 hatt ein omsetnad på NOK 660 millionar mot NOK 631 millionar i 2020.

Resultatet før skatt er på NOK 33,1 millionar for 2021 mot NOK 28,4 millionar i 2020. Årsresultatet etter skatt i 2021 vart NOK 25,7 millionar mot NOK 22,1 millionar i 2020. Vekst i salsvolum for saft, jus og syltetøy, samt effekt frå forbetningsprogram ligg til grunn for resultatframgangen.

Styret er nøgd med den positive resultatutviklinga i 2021. Gode resultat er viktig for å halde fram med berekraftig verdiskaping og for å forsvare naudsynte investeringar for vidare vekst. Gjennom 2021 er det investert NOK 43,2 millionar i nytt produksjonsutstyr.

Kontantstraum og balanse

Kontantstraum frå drifta var i 2021 positiv med NOK 57,4 millionar mot positiv kontantstraum på NOK 45,2 millionar i 2020. Langsiktig bankgjeld er redusert med NOK 3,3 millionar gjennom nedbetalingar i 2021. Samstundes er det inngått nye leasingkontraktar på NOK 3,0 millionar. Lerum AS har pr. 31. desember 2021 NOK 35,2 millionar i langsiktig gjeld. Alle lånevilkår med banken er oppfylt pr. 31.12.2021. Lerum AS har totalt sett tilstrekkeleg likviditetsreserve i bankinnskott og trekkrettar i bank og leasingselskap.

Totalbalansen pr. 31. desember 2021 er auka mot fjoråret. Endringa er frå NOK 280 millionar pr. 31.12.2020 til NOK 320,9 millionar ved utgangen av 2021. Eigenkapitalen aukar frå NOK 130,1 pr. 31. desember 2020 til NOK 155,9 millionar pr. 31. desember 2021 etter årets resultat. Eigenkapitalen utgjør 48,6% av totalbalansen mot 46,5% ved førre årsoppgjer.

Lerum AS sin finansielle marknadsrisiko er primært knytt til rente- og valutarisiko. Selskapet har flytande rente på dei langsiktige låna. Lerum AS gjer ein stor del av innkjøpa sine i Euro og US-dollar, medan alle



eksternt sal er i norsk valuta. Kor stor del av valutabehovet ein kurssikrar vert vurdert kvart år som ein del av plan- og budsjettprosessen.

Lerum AS har styreansvarsforsikring for styret, administrerande direktør og leiinga teikna av N.H. Lerum AS på vegne av konsernet. Forsikringa dekker det personlege ansvaret for formuesskade som desse kan pådra seg i utøvinga av sine verv. Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonal forsikringsselskap med solid rating. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa Lerum AS sin storleik og omsetning.

Framleis drift

Det er styret si oppfatning at årsmeldinga og årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret stadfestar at årsrekneskapen for 2021 er sett opp under føresetnad om vidare drift og at denne føresetnaden er tilstades.

BEREKRAFT, ORGANISASJON, HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

For Lerum handlar berekraft om å *ta vare på*. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredling, menneske, ernæring og lokalsamfunnet.

Ytre miljø og samfunn

Distribusjon av konsumentprodukt som drikkevarer og syltetøy medfører miljøpåverknad. Det vert utarbeida miljørekneskap og definert tiltak for å redusere klimaavtrykket. For året 2021 viser klimarekneskapet vårt at vi har redusert klimaavtrykket sidan 2019 med 1 559 tCO₂e. Eit av tiltaka vi har gjort i 2021 er å gå over til 100 % resirkulert plast i saft- og syltetøyflaskene.

Framover skal vi halde fram med å redusere klimaavtrykket vårt ved å arbeide for reduksjon i energi- og vassforbruk, redusere matsvinn, utvikle betre emballasjeløysingar og samarbeide med transportørane og leverandørane av innsatsfaktorar for å redusere klimaavtrykket frå transport.

Lerum AS er medlem av Etisk Handel Norge. Føremålet er rettferdig handel som fremjar menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø.

Lerum AS ynskjer å bidra til god ernæring og har sidan 2005 stegvis redusert sukkerinnhald og auka innhald av frukt og bær i produkta våre.

For meir informasjon vert det vist til 'Årsrapport 2021' på selskapet sine nettsider (lerum.no).

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har vore fire mindre skadar i samband med utøvinga av verksemda i 2021 som har medført sjukefråvær. Sjukefråværet for 2021 er 3,0% i 2021, mot 2,9% i 2020. Av det samla fråværet for 2021 er 1,5% kortidsfråvær. Lerum AS er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og har hatt eit godt samarbeid med trygdeetaten i 2021. Oppfølging av sjukefråvær er ei sentral oppgåve i HMS-arbeidet. Selskapet har årlege HMS-planer.

Likestilling og diskriminering

Lerum AS jobbar for eit inkluderande arbeidsmiljø, der alle tilsette har like moglegheiter og rettigheter for utvikling, trivsel og arbeidsvilkår. I 2021 var 24 % av selskapet sine tilsette kvinner. Begge kjønn er representert gjennom verdikjeda i produksjon, administrasjon og sal. Fire av ni styremedlemar i Lerum AS er kvinner, medan leiinga har ei fordeling på tre kvinner og tre menn. Fire av fem eigarar i morselskapet N.H. Lerum AS er kvinner. Det er ikkje naudsynt å setje i verk eigne tiltak for å fremje likestilling.

Det er i 2021 gjennomført kartlegging ihht. likestillings- og diskrimineringslova § 26. For meir informasjon på dette området vert det vist til 'Årsrapport 2021' på selskapet sine nettsider (lerum.no).



FRAMTIDSUTSIKTER

Med betre berekraft, betra resultatgrad og auka innovasjonstakt dei siste åra, meiner styret at selskapet sine framtidsutsikter er gode. Lerum AS har ei velutvikla produktportefølje, sterke merkevarer og ein god medarbeidarstab som danner ei solid plattform for framtida.

Likeeins med dei fleste næringsmiddelprodusentane i Noreg er selskapet sin omsetnad delt på nokre få store kjeder og distribusjonskanalar. Selskapet er difor sårbart ved daglegvarekjedenes porteføljeskift og bruk av sine egne merkevarer.

Frukt og bær er utsett for temperatur og ustabil vær som påverkar avling og pris mellom sesongar. Store svingingar i råvareprisar og valuta er utfordrande i høve til oppnåelege stabile prisar i marknaden. Spesielt har utfordringar etter koronapandemien gitt utslag i høge prisar på råvarer, innsatsfaktorar og frakter inn i 2022. Det er usikkert korleis den pågåande uroen i Europa vil påverke tilgang og pris i komande råvaresesong.

Lerum AS er svært sårbar for endringar i politiske rammevilkår. I løpet av 2021 vedtok Stortinget endeleg å fjerne produktavgifta på alkoholfrie drikkevarer. Avgifter bidreg til redusert konkurransekraft og innovasjonsevne. For Lerum som stadig investerer tungt i anlegg, maskiner og innovasjon er det avgjerande at avgiftsnivået er føreseieleg og stabilt lågt over tid.


Vi vil halde fram med berekraftig verdiskaping gjennom å kombinere dei sterke norske tradisjonane for mat og drikke basert på frukt og bær, med den beste kunnskapen om foredling, søting og rett ernæring i tråd med trendane i marknaden og behov hjå forbrukarane.

Behovet for nye investeringar i produksjonsanlegg, marknadsføring og kompetanseheving vil vera gjeldande også i tida framover for å ruste Lerum AS til innovasjon og ansvarleg vekst i eksisterande og nye produktkategoriar.


I 2021 har Trine Lerum Hjellhaug hatt permisjon frå stillinga som administrerande direktør. I hennar fråvær har Stein Klakegg har vore administrerande direktør fram til Trine var tilbake frå permisjon 1. januar 2022.

Styret er svært fornøgd med samspelet og innsatsen dei tilsette har lagt ned i alle ledd. Innsatsen til dei tilsette har vore avgjerande for å oppretthalde samfunnsoppdraget vårt med produksjon av gode matvarer. Styret ser fram til å kunne utvikle verksemda vidare i lag med medarbeidarar, kjeder, forbrukarar og andre samarbeidspartnerar.


Sogndal, 24. mars 2022


Sverre S. Tysland
Styreleiar


Gjethe K. Lerum
Styremedlem


Bente Lerum Lund
Styremedlem



Trine Lerum Hjellhaug
Adm. dir


Kristine Aasheim
Styremedlem


Gro Lerum Bondevik
Styremedlem


Stian Ellingsen
Styremedlem


Stein N. Klakegg
Styremedlem


Kurt Lerum
Styremedlem


Stian Orrestad
Styremedlem



Lerum AS

Resultatrekneskap 2021

	NOTE	2021	2020
DRIFTSINNEKTER			
Salsinntekter		660 349 760	630 878 462
Sum driftsinntekter		<u>660 349 760</u>	<u>630 878 462</u>
DRIFTSKOSTNADAR			
Varekostnad	3	400 213 105	396 548 549
Lønskostnad	1, 5	103 460 735	92 266 520
Ordinær av- og nedskrivning	2	15 052 114	14 289 213
Andre driftskostnader	1, 8, 16	108 958 447	98 334 561
Sum driftskostnader		<u>627 684 401</u>	<u>601 438 843</u>
Driftsresultat før andre inntekter og kostnader		<u>32 665 359</u>	<u>29 439 619</u>
Andre inntekter og kostnader	14	-972 346	-25 000
Driftsresultat		<u>33 637 705</u>	<u>29 464 619</u>
FINANSINNEKTER-/KOSTNADAR			
Renteinntekter		381 341	211 927
Andre rentekostnader		-880 476	-1 240 219
Netto finansresultat		<u>-499 135</u>	<u>-1 028 292</u>
Resultat før skattekostnad		<u>33 138 570</u>	<u>28 436 327</u>
Skattekostnad	10	-7 390 521	-6 359 521
Årsresultat		<u>25 748 049</u>	<u>22 076 806</u>
OVERFØRINGAR			
Overført til / frå anna eigenkapital		25 691 649	22 076 806
Avgjeve konsernbidrag		56 400	0
Sum overføringar		<u>25 748 049</u>	<u>22 076 806</u>



Lerum AS

EIGEDELAR	NOTE	2021	2020
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomt	2, 9	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	2, 9	106 297 643	77 258 439
Transportmidlar	2, 9	2 159 829	1 615 940
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2, 9	5 415 389	6 844 799
Sum varige driftsmidler		113 962 861	85 809 178
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar i dotterselskap	15	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
Sum finansielle anleggsmidler		88 310	88 310
Sum anleggsmidler		114 051 171	85 897 488
Omløpsmidlar			
Varer	3, 9	87 988 777	85 273 142
Fordringar			
Kundefordringar	9	67 273 232	67 419 087
Andre fordringar		5 471 723	9 093 797
Sum fordringar		72 744 955	76 512 884
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	46 155 274	32 296 893
Sum omløpsmidlar		206 889 005	194 082 919
SUM EIGEDELAR		320 940 176	279 980 407




Lerum AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE	2021	2020
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	4, 13	9 999 990	9 999 990
Anna innskoten eigenkapital		68 220 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
Sum innskoten eigenkapital		85 748 020	85 748 020
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		70 127 897	44 347 761
Sum opptent eigenkapital		70 127 897	44 347 761
Sum eigenkapital	13	155 875 917	130 095 780
Gjeld			
Avsetjing for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	5	0	1 656 222
Utsett skatt	10	3 886 695	2 028 243
Sum avsetjing for forpliktingar		3 886 695	3 684 465
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 9	29 899 986	32 499 990
Anna langsiktig gjeld	8, 9	5 257 639	2 973 983
Sum anna langsiktig gjeld		35 157 625	35 473 973
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	16	72 698 785	65 187 240
Betalbare skattar	10	5 516 162	5 520 378
Skuldige offentlege avgifter		8 711 379	14 553 752
Kortsiktig gjeld konsernselskap	6	9 368 807	7 409 689
Anna kortsiktig gjeld	12	29 724 806	18 055 129
Sum kortsiktig gjeld		126 019 939	110 726 189
Sum gjeld		165 064 259	149 884 627
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		320 940 176	279 980 407





Lerum AS


Sogndal, 24. mars 2022



Sverre Sjøllag Tysland
Styreleder


Gro Lerum Bondevik
Styremedlem



Kurt Lerum
Styremedlem



Bente Lerum Lund
Styremedlem



Grethe Kristin Lerum
Styremedlem


Kristine Aasheim
Styremedlem


Stian Orrestad
Styremedlem


Stein Norvald Klakegg
Styremedlem


Stian Ellingsen
Styremedlem


Trine Lerum Hjelthaug
Dagleg leder



Lerum AS

Kontantstrømoppstilling 2021

(alle tall i 1 000)

	2021	2020
KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Ordinært resultat før skattekostnad	33 139	28 436
Belatte skattar i perioden	-5 620	-308
Ordinære av- og nedskrivningar	15 052	14 289
Vinst / tap avgang driftsmidlar	-30	-25
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn / utbetalingar i pensjonsordninga	-136	-132
Endring i varer	-2 716	-18 257
Endring i kundefordringar og andre fordringar	3 768	-1 530
Endring i leverandørgjeld og anna gjeld	13 793	22 710
Netto kontantstrøumar frå operasjonelle aktivitetar	57 350	45 184

KONTANTSTRÅUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:

Netto tilgang / avgang anleggsmidlar	-43 205	-7 685
Sal av varige driftsmidlar (salssum)	30	25
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-43 175	-7 660

KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:

Netto endring trekk på kassakreditt	0	-5 614
Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld	2 973	0
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-3 290	-2 968
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-317	-8 782

Netto kontantstrøm for perioden **13 858** **28 742**

Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	13 858	28 741
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01	32 297	3 558
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12	46 155	32 297



Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapspraksis.

Lerum AS inngår som ein del av konsernrekneskapsprinsippet til N.H. Lerum AS. Sidan Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS, vert det i tråd med rekneskapslova § 3-7 ikkje utarbeida konsernrekneskap for underkonsern.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld
Eigedelar bestemte til varig eiges eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betaltast tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende føresetnader lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering. Kortsiktig gjeld er ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

Aksjar i dotterselskap

Investering i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden, og er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt. Det er føreleke nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje vert vurdert å vera forbigåande og nedskrivning vert vurdert naudsynt etter god rekneskapspraksis.

Aksjar i tilknytt selskap og andre aksjar

Anleggsaksjar, der selskapet ikkje har avgjerande innverknad, er ført opp i balansen til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av kostpris og netto salsverdi. Sidan selskapet har fysisk sporning av råvarer nytta i mat, er anskaffingskost så langt som mogeleg tilordna den einstkilde vare.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avseljing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Leigeavtaler

Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finanssiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforpliktning vert teke med som forpliktning under langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmidlet vert avskrive planmessig, og forpliktninga vert redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Pensjonar

Foretaket er pliktig til å ha tenestopensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lov.

Valuta

Eventuelle pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved rekneskapsårets slutt.

Skattar

Skattelastnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar, til dømes konsernbidrag, er ført mot eigenkapitalen. Utsett skatt / skattefordel er i tråd med god rekneskapspraksis vurdert til nominelle verdier.

Kontantskade

Kontantskadeoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

Note 1 Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersje m.m

Lønskostnad	2021	2020
Løn	78 581 736	73 702 938
Folketrygdavgift	9 949 312	8 809 960
Pensjonskostnader	6 093 274	5 232 914
Innleigd arbeidshjelp	4 478 691	987 526
Andre ytingar	4 359 822	3 533 182
Sum	103 460 735	92 266 520

Gjennomsnittleg tal på tilsette 136 133

Ytingar til leiande personar

	Adm.dir	Styre
Løn, honorar	3 300 000	691 500 (herav styreleiar kr 284 000)
Andre innberetningspliktige beløp	-	-

Revisor

Revisjonshonorar for 2021 er på kr 395 000,- eksklusive meirverdiavgift.
Honorar for andre tenester er kostnadsfritt med kr 80 400,- eksklusive meirverdiavgift.



Note 2 Varige driftsmidler (tal i helle tusen)

	Transportmidlar	Kontor- maskinar	Maskinar, anlegg og tomt	Periodelsrt vedlikehald	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 1.1.	2 138	17 774	113 823	6 050	97	139 882
Tilgang	789	981	41 455	67	-97	43 205
Åvgang	0	0	0	0	0	0
Kostpris 31.12.	2 937	18 755	155 278	6 117	0	183 087
Akkumulert nedskrivning 31.12.	0	0	908	0	0	908
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	778	13 340	52 157	1 941	0	68 216
Bokført verdi pr. 31.12.	2 159	5 415	102 213	4 176	0	113 983
Avskrivning i år	254	2 412	10 936	542	0	14 144
Nedskrivning i år	0	0	908	0	0	908
Økonomisk levetid	5 / 7 år	5 / 10 år	7 / 15 år			
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær			
Balanseførte leigeavtaler inkl. i kostpris	483		5 854			6 347

Note 3 Varer

	2021	2020
Råvarer og emballasje	68 414 818	64 372 480
Pantemballasje	33 600	133 560
Ferdigvarer	21 252 259	22 070 101
Ukurans	-1 712 000	-1 303 000
Sum	87 988 777	85 273 142
Varekostnad spesifisert:		
Endring ferdigvarelager	-817 842	-5 780 621
Varekostnad	401 030 947	402 329 170
Sum varekostnad	400 213 105	396 548 549

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Elgarstruktur

Aksjonær i selskapet pr. 31.12.:

	Tal aksjar	Pålydande	Aksjekapital	ElgardeI	Stemmedel
N.H. Lerum AS	6 734	1 485	9 999 990	100 %	100 %
Sum aksjar	6 734	1 485	9 999 990	100 %	100 %

Note 5 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lov.

Selskapet etablerte i 2016 ei ny innskotsbasert ordning for tilsette. Ved oppstart av ordningen omfatta den alle tilsette i verksemda utanom 9 personar som av ulike årsaker vart ståande att i den ytelsesbaserte ordninga. I 2021 har selskapet avslutta den ytelsesbaserte ordninga også for desse 9 personane, selskapet har dermed ingen pensjonsforpliktelse pr. 31.12.2021.

	2021	2020
Pensjonsmidlar - forpliktng:		
Estimert påkommen pensjonsforpliktng	-	-9 687 040
Estimert verdi av pensjonsmidlane	-	8 235 487
Estimert netto pensjonsmidlar	-	-1 451 553
Arbeidsgevaravgift	-	-204 688
Netto pensjonsforpliktelse	-	-1 656 222

Note 6 Kortsiktig fordring og gjeld til konsernselskap

	2021	2020
Leverandørgjeld konsern	1 350 311	1 040 910
Skuldig konsernbidrag	72 307	-
Anna kortsiktig gjeld konsern	7 946 189	6 368 779
Sum gjeld konsern	9 368 807	7 409 689



Note 7 Langsiktig gjeld

Gjeld som har siste avdrag til betaling mer enn fem år etter regnskapsårets slutt:	2021	2020
Gjeld til kredittinstitusjoner (tal i hele tusen)	16 900	19 500
Sum anna langsiktig gjeld	16 900	19 500

Opplysninger om pantelån:

Lån	Opphavelag lånebeløp i	
	NOK	Saldo 31.12
Lån kredittinstitusjoner	39 000 000	29 899 986
Sum	39 000 000	29 899 986

Avdragsprofil (tal i hele tusen)	2022	2023	2024	2025	2026	Deretter
Lån kredittinstitusjoner	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	16 900
Sum	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	16 900

Note 8 Leige- og leasingavtaler

Selskapet har pr 31.12.2021 leigeavtale knytt til fabrikk og kontorareal på Kaupanger, med varighet fram til år 2033.

Sum leigekostnader 20 633 615

Selskapet har i tillegg operasjonelle leasingavtaler på produksjonsanlegg for jusproduksjon og leasingavtaler på diverse produksjons- og administrasjonsutstyr. Avtalene har ulike varighet.

Leasingkostnader: 1 636 192 3 169 992

Selskapet har i tillegg leigeavtaler bokført som finansiell leasing:	2021	2020
Nominell verdi av sum resterende estimerte leigebetalinger	5 739 004	3 197 360
Noverdi av sum resterende estimerte leigebetalinger	5 257 639	2 973 983

Forfallsstruktur finansiell leasing:

Forfall innen 1 år	1 189 528	730 380
Forfall 2-7 år	4 549 476	2 466 980

Note 9 Pantsetjingar / garantiansvar

Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:	2021	2020
Gjeld til kredittinstitusjoner	29 899 986	32 499 990
Gjeld knytt til finansielle leigeavtaler	5 257 639	2 973 983
Sum	35 157 625	35 473 973

Bokført verdi av egedelar stillt som trygd for bokført gjeld:

Maskinar og anlegg	106 297 643	77 258 439
Tomt, bygningar	90 000	90 000
Transportmidlar	2 159 829	1 615 940
Driftslausøyre	5 415 389	6 844 799
Totalt	113 962 861	86 809 178

I tillegg er det teke pant i:

Varelager	87 988 777	85 273 142
Kundefordingar	67 273 232	67 419 087

Note 10 Skattar

Årets skattepliktige resultat kjem fram slik: 2021 2020

Resultat før skattekostnad	33 138 570	28 436 327
Permanente skilnadar:		
Kostnader utan fradragsrett	375 794	454 288
Inntekter utan skatteplikt	-9 576	-29 992
Pensjon direkteført mot eigenkapital	88 488	46 291
Avgjeve konsernbidrag	-72 307	-
Mellombelse skilnadar:		
Endring mellombelse skilnadar:	-6 447 510	-3 814 287
Skattegrunnlag i år	25 073 459	25 062 627
Betalbar inntektskatt 22 %	5 516 162	5 520 378

Ein del av dei mellombelse skilnadane får effekt først fram i tid. I tråd med god rekneskapskikk er utsett skattefordel vurdert til til nominelle verdier.



Note 10 Skattar (forts)

Spesifikasjon av mellombelse skilnadar:	Endring	2021	2020
Anleggsmidlar	-7 039 851	-18 527 041	-11 487 190
Vinst- og tapskonto	160 476	-641 802	-892 378
Fordringar	-	300 000	300 000
Varelager	409 000	1 712 000	1 303 000
Pensjonsforpliktning	-1 656 222	-	1 656 222
Balanseførte leigeavtaler	-320 913	-509 852	-188 639
Sum	-8 126 597	-17 666 795	-9 219 285
Brudd utsett skattefordel / -forpliktning		-3 886 695	-2 028 243
Ikkje balanseført utsett skattefordel		-	-
Netto utsett fordel / forpliktning i balansen	-1 858 452	-3 886 695	-2 028 243
Skattesats ved utrekning av utsett skatt / skattefordel		22 %	22 %
Betalbar skatt			
Betalbar skatt		5 516 162	
Skatt på konsernbidrag		15 906	
Endring utsett skatt / (skattefordel)		1 858 452	
Skattekostnad		7 390 521	
Forklaring til skattekostnad			
Resultat før skatt		33 138 570	
22 % skatt av res. før skatt		7 290 485	
Skatteeffekt permanente skilnader		100 035	
Sum skattekostnad		7 390 521	

Note 11 Bankinnskott, bundne midlar, kassekreditt m.v

Av bankinnskott er kr 4 529 790,- bundne skattelekksmidlar og kr 268 439,- er sperra bankkonto for depositum. Selskapet har ei samla kredittamme på kr 55 000 000,- der kr 0,- var nytta pr. 31.12.2021.

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

Større postar i anna kortsiktig gjeld:	2021	2020
Påkomne feriepengar	8 078 031	7 532 826
Påkomne kostnader diverse	21 809 499	10 487 033
Påkomne renter	37 276	35 300
Sum	29 724 806	18 055 159

Note 13 Eigenkapital

Endring i eigenkapital gjennom året:

Tekst	Aksjekapital	Overkurs	Anna		Sum
			Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	
Eigenkapital 01.01.2021	9 999 990	7 527 231	68 220 798	44 347 761	130 095 780
Estimatavvik vedrørende pensjonar	-	-	-	88 488	88 488
Avgjevne konsernbidrag	-	-	-	-56 400	-56 400
Årets resultat	-	-	-	25 748 049	25 748 049
Eigenkapital 31.12.2021	9 999 990	7 527 231	68 220 798	70 127 897	155 875 917

Note 14 Andre inntekter og kostnader

Spesifikasjon av andre inntekter og kostnader	2021	2020
Nettoeffekt av avslutta ytelsespensjon	-942 346	0
Vinst ved avgang av anleggsmidlar	-30 000	-25 000
Sum	-1 032 346	-25 000

Note 15 Aksjar i dotterselskap

AS Lerums Saffabrikk	
Aksjekapital	109 000
Tal aksjar	10 900
Bokført verdi	53 310
Forretningskontor	Sogndal
Eigarandel / stemmeandel	100 %
Resultat 2021	1 612
Eigenkapital 31.12.	83 104



Note 16 Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar

Selskapet har avtale med Bjarne Lerums Bilmuseum AS om leige av lokaler.
Bjarne Lerums Bilmuseum AS er eigd av 3 av eigarane i N.H. Lerum AS, som er morselskap til Lerum AS.
Årleg honorar for vedkommande avtale er på kr 600 000,- ekskl. mva.
Vidare har selskapet i 2021 hatt avtale med Stenoco AS knytt til leige av tenester som dagleg leiar.
Stenoco AS er eigd av dagleg leiar gjennom 2021 og noverande styremedlem Stein Klakegg.
Bruttohonorar for vedkommande avtale har totalt vore på kr. 3 950 000,- ekskl. mva.



Deloitte.

Deloitte AS
Gravensteinsgata 19
Postboks 206
NO-6852 Sogndal
Norway

Tel: +47 57 67 65 70
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Lerum AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Lerum AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultat og kontantstrømane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



Deloitte.

side 2
Melding frå uavhengig revisor -
Lerum AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Sogndal, 24. mars 2022
Deloitte AS

Gunn Irene Sviggum Bruheim
statsautorisert revisor